

Gunnar Skirbekk, professor emeritus i filosofi, er aktuell med boka «Krise og medansvar», Res publica 2016. Han har tidlegare m.a. utgitt «Norsk og moderne» og «Den filosofiske uroa», og i unge år, boka «Nihilisme? Eit ungt menneskes forsøk på å orientere seg».

## **Kor står vi?**

### **Fortropp for kulturell modernisering, eller trojansk hest for mørke makter?**

#### **Ein ærerik tradisjon**

Berge Furre er gått bort – ein markant politiskar, på same tid lekmannskristen og professor ved Det teologiske fakultet, og dermed, i eigen person, ein berar av begge tradisjonane i det stridige samspelet mellom folkelege rørsler (med røter tilbake til Hans Nielsen Hauge) og ein luthersk embetsstand (med røter tilbake til Pontoppidan og potetprestane på 1700-talet), eit skilsetjande samspel som har prega norsk modernisering til denne dag.

Kort sagt, vel forankra i opplysningsprosjektet har dansk-norsk protestantisme vori ein pådrivar for dei moderniseringsprosessane som pregar dagens norske samfunn. Dessutan, ved indre modernisering har kristendommen i dag ein naturleg plass i det moderne norske samfunnet. Dette er ei danningshistorie som kristne her til lands kan vere stolte av.

#### **Nye tider**

Men tidene endrar seg. I dag, i ei verd prega av kulturelt og sosialt mangfald, kan «religion» vere så mangt – frå vestleg kristendom og andre religionsformer som lever i harmoni med opplysningstradisjonen og det moderne samfunn, til trusformer og livsmønster som ikkje passar inn i moderne samfunn med rettsstatleg demokrati og folkeopplysning og med skilje mellom rettsvesen og religion og mellom yrkesroller og privatliv, i moderne samfunn der folk erkjenner at vi er feilbarlege og at vi treng å lytte til kvarandre og ta motargument på alvor.

For, det er ille med dei «halvmoderne», som kombinerer moderne teknologi og religiøs fundamentalisme, som om opplysningstida aldri fanst – anten det er i Midtausten eller Midtvesten. Aller verst er kombinasjonen av moderne våpen og førmoderne holdningar og aksjonar, ofte i guds namn – slik vi ser det hos ISIS og Boko Haram. Men den fatale

konstellasjonen av «halv-modernitet», av sviktande opplysning og moderne teknologi, finst mange stader, t.d. i USA – med kreasjonisme og Star Wars, side om side.

Det er ein lærdom å trekke av dette: I moderne kriseramma samfunn trengst det så mangt, men også opplysning og seriøs religionskritikk – ikkje kritikk som avvising, men som lutring og styrking. Dét er til beste for religionen, og samtidig er det viktig for å motverke ekstremisme og krigsliknande tilstandar i moderne sårbare samfunn.

### **Fascinasjon for det nyenkle og førmoderne**

Likevel – i dag, i eit komplisert og uoversiktleg samfunn, er det mange som blir fascinerte av nyenkle former for religion, frå New Age til enkle variantar av tradisjonell monoteisme som ikkje er lutra av seriøs religionskritikk og som markerer seg på måtar som fremjar inngruppe-identitet og parallellsamfunn.

Same trend ser vi i innstillinga frå Stålsett-utvalet om «det livssynsopne samfunn». Der blir vi bedne om å vere positivt aksepterande overfor mangfaldet av dei forskjellige trus- og livssynssamfunn (som fell innanfor utvalets vide og uklare definisjon) når dei markerer seg i det offentlege rom, jamvel om forkynninga kan vere primitiv, utan rimeleg teologisk korreksjon, og jamvel om det skjer på måtar som i framtoning og framferd skil dei ut frå andre samfunnsborgarar.

Vi ser tilsvarande reaksjonar hos unge som konverterer til enkle versjonar av islam. Og vi ser det hos marginaliserte muslimske ungdommar på søk etter eit feste i livet, ubefesta sjeler som blir fascinerte av gammalvorne versjonar av islam og som står i fare for å bli politiserte som ekstremistar, i hat mot moderne demokratiske samfunn.

### **Kva bør gjerast?**

Tre kjappe merknader, om det som kan gjerast.

For det første, vi bør fremje open og opplyst meiningsutveksling, t.d. i presse og forlag. I Grunnlova § 100 siste ledd er det formulert slik: «Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte». Dette omfattar tillitskapande dialog, men også

open og opplyst diskusjon, ved felles søk etter betre grunnar, i erkjenning av at vi alle er feilbarlege og at vi derfor treng å lytte til kvarandre og ta motargument på alvor.

For det andre, skulevesenet er viktig: Felles offentleg grunnskule, med felles basiskunnskapar. Alle elevar bør sitje rundt «same bord». Ikkje religiøse skular, som kan føre til parallellsamfunn. Poenget er å unngå uheldige parallellsamfunn. I praksis vil det vere eit spørsmål om kor sterkt presset vil vere for likebehandling, altså for at det heller ikkje skal vere kristne privatskular dersom det ikkje skal vere muslimske. Om dette då vil gjelde både gamle og nye skular, er eit ope spørsmål. Dersom den muslimske folkesetnaden aukar, slik det ser ut til, og den religiøse identiteten held seg sterk i denne veljargruppa, kan striden bli hard. Uansett, vi treng skular som set elevane i stand til å leve som ansvarlege statsborgarar i moderne kriseramma samfunn – i eit tillitsbasert og rettsstatleg demokrati, med ein generell og sjenerøs velferdsstat, der visse holdningar og dygder må på plass: Den som vil nyte godt av institusjonane, må leve opp til føresetnadene for at dei skal fungere. Det inneber mellom anna at undervisninga i norsk, historie og samfunnsfag, samt religion og etikk, bør samordnast og spissast, slik at elevane kan skjønne kva eit moderne samfunn går ut på og kva det fordrar av oss som bur her.

For det tredje, det trengst opplæring i det å vere statsborgar i eit moderne demokrati. Statsborgarskap gir rett til velferdsgode og til rettsleg likebehandling. Men kva med pliktene? Alle fungerande moderne demokrati har skuleplikt. Det er ikkje tilfeldig. Demokrati, som valsystem, forutset at statsborgarane er rimeleg opplyste, at dei i rimeleg grad er myndige menneske. Som statsborgar må ein (på rimeleg vis) kunne språket, forstå sakene, skjønne samfunnet. Manglar dette, kan ein vere kunde og klient, og rettsstatleg undersått, men ikkje statsborgar, reelt sett.

## **Konklusjon**

Spissformulert lyder spørsmålet slik: Er vi stadig ein fortropp for kulturell modernisering, eller står vi i fare for å bli ein trojansk hest for mørkemaktene? Og kva *bør* vi vere? – Tenk på Berge Furre! Då burde svaret gi seg sjølv.